



LETEAKSJON: Flere hundepatruljer har deltatt i søket etter Pavol Ivancik. FOTO: INGRID E. HAUGEN

Leter etter savnet 22-åring

Onsdag kveld ble det satt i gang en leteaksjon etter Pavol Ivancik (22) som har vært savnet fra hjemmet sitt i Svelgen siden tirsdag ettermiddag.

22-åringen sist ble sett i Tiurvegen i Svelgen, der han bor, mel-

lom klokken 15 og 16 tirsdag ettermiddag. Lensmann Espen Gulliksen i Bremanger forteller at han har vært i samtale med mor og stefar til den savnede.

– De gir oss det de kan gi, men er like blanke som oss. Det betyr at vi er avhengig av respons fra publikum, sa lensmannen til fjt.no torsdag.

29 personer fra politiet, Røde

Kors og Norske Redningshunder lette torsdag etter Ivancik. Det er lett fra Svelgen sentrum og sørover mot bostedet.

Rundt formiddagstider torsdag ble det satt inn helikopter i søket. Helikopteret søkte langs fjorden fra Dyrstad til Svelgen, og på sørsida av fjorden.

Den savnede skal være 175-178 centimeter høy og slank/

tynn. Han skal ha lyst brunt hår og er muligens iført svart/mørk grå hettegenser, blå dongeri og blå sko med hvite lisser.

● Pavol Ivancik var ennå ikke funnet da Fjordenes Tidende gikk i trykken torsdag.

SINDRE BLÅLID KVALHEIM
sindre@fjt.no

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no

Vil ikkje la grensa styre val av skule

10.-klassingane ved Åheim skule ønskjer at dei skal bli vurdert likt med elevar frå Sogn og Fjordane når dei søker skuleplass på andre sida av fylkesgrensa.

– Viss du vil gå i Måløy, så kjem du sist i rekka fordi du ikkje er i det same fylket. Det er litt dumt, sidan dei på den vidaregåande skulen i Syvde ikkje har alle studieretningane, seier Malene Munck Kragseth.

Sist i køen

Ved Herøy vidaregåande skule avdeling Vanylven, som ligg i Syvde, har ein i dag tre tilbod på Vg1 med til saman to klassar, fordelt på ei halv klasse helse- og oppvekst, ei halv klasse på studiespesialisering og ei klasse på teknikk og industriell produksjon. På Vg2 helsearbeidar-fag er det lagt inn ei halv klasse.

Per i dag er det slik at elevar frå Møre og Romsdal kan søke seg til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, men då hamnar dei sist i køen, etter alle elevane med adresse i Sogn og Fjordane.

Munck Kragseth har byrja i 10. klasse saman med venninene Mathilde Sylte Ekremsæter, Andrea Løvold, Kristina Løvold og Sara Marie Solheim. Ingen av dei veit kva dei vil bli, men alle er samde om at dei gjerne skulle hatt moglegheit til å søke på ein av skulane i Sogn og Fjordane på lik linje med elevar frå nabofylket.

– Elevar i søre delen av kommunen, som kan tenkje seg bygg- og anleggsteknikk, naturbruk eller restaurant- og matfag må flytte på hybel til Fosnavåg, i staden for å kunne ta bussen frå Åheim til Måløy, og dermed framleis ha høve til å bu heime ei stund til, seier Vanylven-ordførar Lena Landsverk Sande (V).

Frå Åheim til Måløy er det 35 kilometer. Til samanlikning er det 72 kilometer frå Åheim til Fosnavåg.

Handlar om vilje

Ordføraren inviterte tysdag til eit møte mellom formannskapet og skuleleiinga i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

– Vi må ha fokus på at ungdomane skal ha eit best mogleg tilbod og legge til rette for at dei kan bu heime. Dess lenger ungdomane våre bur heime, jo tettare knytt blir dei til heim-plassen, og sjansen for at dei flyttar tilbake aukar. Inneber dette at dei vil pendle til Måløy, så må vi få til det, seier Landsverk Sande, og fortset:

– Det handlar berre om politisk vilje. Eg fekk inntrykk av at leiinga i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er villige til å sjå på saka, og eg forventar aktivitet frå den kanten.

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no



BLIR STOPPA: 10.-klassingane André Hellebust (f.v.), Marius Haugen, Kristina Løvold, Malene Munck Kragseth, Matilde Sylte Ekremsæter, Andrea Løvold og Sara Marie Solheim. ALLE FOTO: MARIANNE S. ROTIHAUG



MØTE: F.v. Bjarne Elde, utdanningsutvalet i Møre og Romsdal, ordførar Lena Landsverk Sande og Alfred Bjørlo, hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane, diskuterte skulesituasjonen.

Vil ha ei styrking av skulen i Syvde

Vanylven-ordførar fryktar at den vidaregåande skulen i Syvde blir lagt ned om det ikkje vert gjort endringar.

På møtet på Fiskå tysdag var skuleleiinga i Møre og Romsdal invitert for å høyre bekymringane til lokalpolitikarane, samt informere om dagens situasjon for Vanylven vidaregåande.

Introduksjonen til seksjonsleiar Geir Løkhaug viste at det startar 37 elevar på den vidaregåande skulen i år, medan talet i 2018 er estimert til å vere 27.

– Det er viktig å halde på skulen. Skjer det ikkje endringar, kjem vi til å miste den. Vårt mål er vekst i folketalet, og då må vi ha ein vidaregåande skule, seier ordførar Lena Landsverk Sande (V) i Vanylven.

Ho meiner eit grep kan vere å få spesielle liner til den vidare-

gåande skulen i Syvde.

– Skal vi få halde på skulen må vi ha ei line som gjer at den skil seg ut og som gjer til at folk vel denne skulen. Dømer på slike liner er ambulansesag i Ålesund og landbrukslina på Gjermundnes. Om vi hadde hatt bergverk, som er naturgitt for Vanylven, så hadde det vore ei styrking av skulen, fortel ordføraren.

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no

Unøyaktig om auka arbeidsgjevaravgift

I leiaren i Fjordenes Tidende 22. august presenterte vi eit reknestykke om korleis ei auka arbeidsgjevaravgift ville slå ut samla for arbeidsgjevarar i heile Vågsøy. Talet på 43 millionar tok utgangspunkt i Nordvestvinduet sitt reknestykke, men tok ikkje høgde for forhold som selskap som ikkje vert råka grunna storleik eller ordningar som botnfrådrag. Tal på samla auka vil dermed bli langt lågare. Vi beklagar.

Anmeldt for råkjøring

I en trafikk kontroll ved Nave i Vågsøy forrige uke ble to bilførere tatt i en fart langt over fartsgrensen. Den en personen er en 24 år gammel mann fra Vanylven. Han ble tatt i 142 km/t i 80-sonen, ifølge Vågsøy-lensmann Nils Bakke. Den andre personen er en 26 år gammel mann fra Vågsøy. Han hadde en fart på 124 kilometer. Begge personene er anmeldt og har fått førerkortene beslaglagt. 24-åringen har tilstått og en tilståelsesdom blir sendt til tingretten.

Økning i folketallet

Vågsøy, Eid og Vanylven opplevde vekst i folketallet i andre kvartal av 2017. I Vågsøy og Eid er folketallsveksten i månedene april-juni drevet først og fremst av fødselsoverskudd, mens veksten i Vanylven utelukkende er drevet av positiv netto tilflytting. Vågsøy opplever vekst for første gang siden andre kvartal i fjor, mens Eid når for første gang 6.100 innbygger etter sitt syvende strake kvartal med folketallsvekst.



UROA: Nils Myklebust (Sp) (nr. 2 f.h.) meiner arbeidsgjevaravgifta i nye Kinn kommune er noko som burde ha vore greia ut for samanslåinga vart vedtatt. **ARKIVFOTO:** SINDRE BLÅLID KVALHEIM

Fryktar høgare arbeidsgjevaravgift i Kinn

Varaordførar Nils Myklebust (Sp) i Vågsøy er redd for at ei høgare arbeidsgjevaravgift skal gå utover kommuneøkonomien.

– I samanslåingar tidlegare har ein valt den høgste satsen for arbeidsgjevaravgift. Å tru at Vågsøy skal få ei særordning er som å tru på julenissen gonger to. Eg reagerer på at dette ikkje er greia ut av rådmennene før ein gjorde eit vedtak om samanslåing, seier Myklebust.

Vågsøy kommune finn seg i dag i sone 2, noko som betyr at satsen for arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 prosent. Flora finn seg i sone 1a, og har ein sats på 14,1 prosent. I 2016 betalte Vågsøy kommune 29,95 millionar i arbeidsgjevaravgift.

– Om ein ser på differansen mellom arbeidsgjevaravgifta i dag, og den ein vil kunne få om ein skal opp på Flora sitt nivå, så er den 9,48 millionar. Det er meir enn drifta på ei ny avdeling på Kulatoppen hadde kosta, seier Myklebust.

Sp-politikaren viser også til auka kostnadar for det delar av det private næringslivet i kommunen, som Fjordenes Tidende tidlegare har omtalt.

I kontakt med vågsøyrådmann Knut Ove Leite viser han til sine tidlegare utsegn i saka.

– Poenget er at ESA skal vurdere det norske systemet på nytt, og kva som kjem ut av det

veit ingen. Men ESA skal sikre like konkurransetilhøve. Det norske systemet med differensiert/geografisk ulik avgift vert oppfatta å skape ulikskap, seier Vågsøy-rådmannen.

På direkte spørsmål frå Fjordenes Tidende om kvifor arbeidsgjevaravgifta ikkje vart greidd ut før ein gjorde eit vedtak om samanslåing med Flora viser Leite til at ein finn all informasjon ein treng på Kommunaldepartementet sine kommunereformsider.

Ifølge KS, kommunesektoren sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon, vil arbeidsgjevaravgifta i samanslåtte kommunar bli vidareført innanfor dei gamle kommunegrensene, fram til neste revisjon av ordninga. Dette skjer i 2021.

– Fram til denne revisjonen vil Vågsøy halde fram i sone 2 og Flora i sone 1a, stadfestar spesialrådgjevar på kommuneøkonomi Sigmund Engdal i KS.

Han fortel at i samband med revisjonen skal det skal gjerast ei ny vurdering av kva kommunar som skal ha kva slags sats.

– Utfallet av dette er det ingen som veit no. Men om ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift ser annleis ut i 2021, og kommunen får høgare arbeidsgjevaravgift då, vil regjeringa vurdere kompensasjon i form av ei overgangsordning for området som blir omfatta, seier Engdal.

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no

– Farleg å ri to hestar

Avdelingsleiar Ester Klungre ved Herøy vidaregåande skule meiner ein ikkje har råd til å miste elevar til nabofylket.

– Om vi mister elevar frå Åheim til Sogn og Fjordane, då trur eg vi taper og då taper elevane. Slik som situasjonen er i dag så er det ein fare å ri to hestar, understreka Klungre i møtet

med formannskapet.

Kommentaren frå Klungre kom etter at det i møtet vart diskutert om elevar i Møre og Romsdal skal ha høve til å søkje på skular i nabofylka på same grunnlag som elevane frå Sogn og Fjordane.

Klungre meiner dette kan ha ein negativ effekt på eit allereie fallande elevtal på den vidaregåande skulen i Syvde.

MARIANNE SOLHEIM ROTIHAUG
marianne@fjt.no



UROA: Ester Klungre fryktar at ein skal miste elevar frå Åheim over fylkesgrensa.